

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

### Avrøysting

Innstillinga frå hovudutval for opplæring og kompetanse vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til ordninga med fagbrev på jobb. «Fagbrev på jobb» er eit viktig verkemiddel i den regionale kompetansepolitikken for å sikre regionalt arbeidsliv betre tilgang på kompetent, kvalifisert og relevant arbeidskraft. Ordninga er òg viktig i integreringsarbeidet i Vestland.
2. Fylkesutvalet ber om ei ny sak som svarer ut vedtaket i Fylkesutvalet 26.03.2020 om drøfting med partane i arbeidslivet. Konsekvensen av å auke tilbodet med « Fagbrev på jobb innanfor dei gjeldande budsjetttrammene må synleggjerast og ulike alternativ må drøftast.
3. I 2020 har Vestland fylkeskommune sett av monalege midlar til ordninga «Fagbrev på Jobb»: først 10MNOK innanfor ramma i PS 45/20 (fylkesutvalet 23.03.2020) og mellom 10 og 15MNOK i PS 88/20 (fylkesutvalet 28.05.2020). Statsbudsjettet legg også opp til ei ekstraordinær løyving på 4-5MNOK til ordninga i 2021. På tross av dette er Fagbrev på jobb omtalt som ei av årsakene til meirforbruket og salderingsbehovet i sektoren i 2020, jf. HU OPPKO Budsjett 2021/økonomiplan 2021-2024 - arbeidsdokument 4/20. Hovedutval for opplæring og kompetanse ber fylkesrådmannen gjere greie for totalforbruket og dei totale løyvingane knytt til «Fagbrev i jobb» i budsjettet for 2020 i eige notat til møtet i fylkesutvalet 26.11.2020. Dette inkluderer kostnader for løpande kontraktar inngått i 2019 og tidligare, samt forventa kostnader for allereie inngåtte kontraktar i 2021 og 2022.